

HØYRINGSFRAMLEGG TIL LOKAL FORSKRIFT OM PERMISJON FRÅ GRUNNSKULEOPPLÆRING I VOSS HERAD

Heimel: Vedteke av heradsstyret i Voss herad DATO med heimel i Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (LOV-2023-06-09-30) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjeld permisjonsreglar for alle grunnskulane i Voss herad.

Barn har plikt til grunnskuleopplæring frå det året dei fyller seks år, til dei har avslutta det 10. trinnet.

Skulen kan gje ein elev permisjon dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg, jamfør opplæringslova § 2-2 fjerde ledd. Heradet gjev forskrift om permisjon frå opplæringa i grunnskulane i Voss herad.

Hensikta med forskrifta er å laga reglar for kor lenge ein kan søkje om permisjon frå opplæringa, kven som har mynde til å innvilga permisjon og kva vilkår som må vera oppfylt.

Forskrifta gjeld ikkje lovfesta rett til permisjon for andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, jamfør opplæringslova § 2-2 femte ledd.

§ 2 Vilkår for permisjon

Det er eit vilkår for å innvilga permisjon at barnet får ei samla sett forsvarleg opplæring.

Om barnet får ei forsvarleg opplæring samla sett må vurderast skjønsmessig i kvar einskild sak.

§ 3 Lengde på permisjon

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn ti skuledagar innanfor eit skuleår.

§ 4 Mynde til å gje permisjon

Kontaktlærer kan innvilga permisjon for inntil to skuledagar. Rektor kan innvilga permisjon for inntil ti skuledagar. Kontaktlærer og rektor kan innvilga permisjon heilt eller delvis, eller gje avslag på søknaden om permisjon.

§ 5 Søknad

Føresette må søkja skriftleg om permisjon for eleven anten til rektor eller til kontaktlærer. Det er lengda på permisjonen som avgjer om ein skal søkje til rektor eller til kontaktlærer jamfør § 4.

Søknadsskjema er tilgjengeleg på Voss herad sine nettsider.

Søknad om permisjon for meir enn to dagar bør sendast inn ein månad før permisjonen tek til. For kortare permisjon i inntil to dagar bør søknaden sendast inn tre dagar før permisjonen tek til.

Søknaden må vera grunngjeven. I grunngjevinga vil det vera relevant å skriva kva som er hensikta med permisjonen, og om det er lagt opp til at eleven skal få opplæring i permisjonstida. Dersom eleven skal få opplæring i permisjonstida lyt føresette syta for det.

§ 6 Forkorting av retten eleven har til grunnskuleopplæring

Permisjon forkortar retten eleven har til grunnskuleopplæring. Eleven har difor ikkje rett på å få igjen tapt opplæring etter at permisjonen er avslutta. Dette gjeld også individuell tilrettelagd opplæring.

§ 7 Klagerett

Vedtak om permisjon er eit enkeltvedtak. Føresette har rett til å klaga på vedtaket. Dersom rektor eller kontaktlærar opprettheld vedtaket vert det sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd (klagemynde).

§ 8 Iverksetjing

Forskifta trer i kraft 01.08.2024.